

* **Jordbruksoppgjøret**

Medan små bruk får kutt, får store grønsaksbønder opp mot **1,3 millionar kroner** meir i tilskot enn i fjor. – Rettferdig, seier Listhaug.

Forsvarar hopp i støtta for stordrift

Fjorårets jordbruksoppgjør førte til store omleggingar i tilskota til bøndene. Nationen skreiv måndag om at små og mellomstore mjølkebruk får kutt i tilskota, medan store mjølkebruk får nær 50.000 kroner i auka tilskot. Utslaga er endå større for grøntsektoren. Mange får både 10, 20 og 30 gonger meir i arealtilskot i år enn i fjor. For dei største grønsaksprodusentane er veksten i tilskota på over 1,3 millionar kroner.

Landbruks- og matminister Sylvi Listhaug (Frp) forsvarar vridning av tilskota og at enkelte får millionvekst.

– Eg meiner det er rettferdig at du skal få støtte etter det du produserer i større grad enn før. Det betyr at dei som produserer mykje mat får meir. Slik meiner eg det må vere viss vi skal leggje til rette for auka matproduksjon, seier Listhaug til Nationen.

Fjerna toppavgrensing
I jordbruksoppgjøret i fjor la re-



VRIR TILSKOTA

«Det er viktig å stimulere dei som produserer mykje mat og gjere det meir rettferdig ved at dei får ein større del av kaka.»

SYLVI LISTHAUG (FRP)
LANDBRUKS- OG MATMINISTER

gjeringa opp til å flate ut arealtilskota slik at satsen skulle bli lik per mål uavhengig av kor mykje jord bonden dreiv. Før fekk bønder berre arealtilskot opp til 80 mål for grønsaker og opp til 40 mål for frukt og bær. Maksimalt arealtilskot per bruk var i dei fleste tilfelle 40.000 og 60.000 kroner. Samtidig gjekk regjeringa inn for å redusere satsen per mål. Det ville gi kutt i tilskota til drift i mindre skala.

Sidan bondeorganisasjonane braut forhandlingane gjekk statens tilbod til Stortinget. Der blei Venstre og KrF einige med regjeringsspartia om å reversere kutt i satsane. Fjerninga av toppavgrensinga blei ikkje reversert.

– Når enkelte har store areal, blir utslaga store, seier avdelingsdirektør Reidar Olsen i Landbruksdirektoratet.

Samla skulle endringane for arealtilskot til grøntsektoren føre til 32 millionar kroner i tilskotsauke totalt. Summen av tilskot over jordbruksavtalen auka derimot ikkje.

Reagerer kraftig

Tilskotsendringane fell i dårleg jord i bondeorganisasjonane.

– Det er heilt uheyr. Er det slik skattebetalaranes pengar skal brukast? Når dei store òg får auka inntekter gjennom auka prisar, så blir det endå meir skeivt, seier leiar Merete Furuberg i Norsk Bonde- og Småbrukarlag.

Bondelaget er òg lite begeistra.

– Det som er ugreitt er at det går ut over små og mellomstore. Så betydeleg auke som fleire grøntprodusentar har fått er i meste laget. Det er viktig at òg små og mellomstore blir stimulert. Dei står for ein stor del av totalproduksjonen, seier leiar Lars Petter Bartnes i Norges Bondelag.

Listhaug er glad for endringa. – Eg er veldig glad for at vi fekk gjort dei omleggingane som gjer at du får meir når du produserer mykje, seier ho.

– Men dei minste får mindre? – Eg er opptatt av å auke matproduksjonen. Derfor er det viktig for regjeringa og Frp å stimulere dei som produserer mykje mat og gjere det meir rettferdig ved at dei får ein større del av kaka, seier ho.

– Totalt urettferdig

Bondetoppene avviser at endringane er rettferdig.

– Min rettferdighetssans kjem til ein annan konklusjon. Eg tykkjer det ville vore rettferdig å gi stimulans til alle som bidreg til den matproduksjonen vi leverer, seier Bartnes.

– Det er på ingen måte rettferdig. Det er totalt urettferdig å ta frå mange små og gi til nokre få store. Det mest alvorlege er at det fører til lågare sjølvforsyning, seier Furuberg og seier resultatet blir at areal går ut av drift.


Furuberg seier dei ønskjer å gjeninnføre toppavgrensinga i arealtilskota. Bartnes seier han ikkje vil kommentere kva som kjem i kravet. Furuberg viser til at Høgre, Frp, Venstre og KrF i fjor vedtok at verknadene av politikken skal evaluerast grundig.

– Den har vi ikkje sett noko til. Der må konsekvensane av slike gedigne omfordelingar kome fram, seier ho.

BJARNE BEKKEHEIEN AASE
bjarne.aase@nationen.no

nationen.no

Sjå video med intervju av Listhaug på nationen.no



Tilskotshopp: Laurits Stokkeland, som driv Bru Gard AS, er ein av grønsaksbøndene andre får bestemme om inntektsveksten skal kome i form av pris- eller tilskotsvekst.

Grønsaksbonde f

Laurits Stokkeland er ein av grønsaksbøndene som får stor vekst i tilskota i år. Han seier pengane kjem godt med, men at små bruk òg må få levelege kår.

HÅ. – Grøntsektoren er ikkje så lukrativ som mange trur. I 2013 fekk vi eit nullresultat. At ein har mykje grønsaker er ingen garanti for at inntekta blir bra, seier Laurits Stokkeland.

Han driv Bru Gard AS på Brusand i Hå kommune på Jæren. Stokkeland er ein av landets største grøntprodusentar med eit grønsaksareal på godt over 700 mål i fjor. Omsetninga har i mange år svinga rundt 44 millionar kroner i året og drifta sysselsett mange årsverk.

I jordbruksoppgjøret i fjor blei avkortinga i tilskot pr mål for areal over 80 mål grønsaker fjerna. For Stokkeland førte det til at arealtilskotet auka frå 44.000 kroner til litt over 400.000 kroner. Det er omtrent ei tidobling frå året før. Stokkeland gir uttrykk for at pengane kjem godt med.

– Grøntmarknaden er pressa frå fleire hald og i periodar slit ein med å ta ut målprisen. For meg er det for så vidt det same om inntekta kjem i form av prisar eller tilskot. Det får andre bestemme. Om forbrukarane ikkje skal betale det maten koster, så må inntektene kome på andre måtar. Vi som produserer maten må ha ei inntekt, elles må vi slutte, seier han. I 2013 blei resultatet magre



som får eit stort hopp i tilskota etter at avkortinga i arealtilskota blei fjerna i jordbruksoppgjøret i fjor. Sjølv seier han at

FOTO: BJARNE BEKKEHEIEN AASE

Fakta

Jordbruksoppjøret

* **Inntektsveksten i jordbruket** blir i grunnlagstala rekna til 22.000 kr pr årsverk frå 2013 til 2014 og 26.900 kr frå 2014 til 2015. Redusert rente er ein viktig grunn. Samla vederlag til arbeid og eigenkapital pr årsverk er for 2015 rekna til 337.800 kr inkl. effekten av jordbruksfrådraget.

* **Utrekingar viser store forskjellar** i inntektsutvikling mellom ulike sektorar og etter storleiken på drifta. Store mjølke- og sauebruk får 2-3 gonger større inntektsvekst enn små og mellomstore og kylling, egg og korn har inntektsnedgang.

* **Utføring av tilskot og fjerning av toppavgrensingar** på tilskot bidreg til stor omfordeling av tilskot.

* **24. april** blir kravet til jordbruksoppjøret etter planen lagt fram.

Fakta

Tilskotsendring 2014-2015

Her er utslag av fjorårets jordbruksoppgjør for fleire av sektorane der toppavgrensinga blei fjerna. Tabellen viser dei 10 største tilskotsmottakarane på kvart sitt felt.

Arealtilskot grønsaker	2014	2015
Elstøen Gartneri As	44.000	1404.700
Lundstad Grønt As	44.000	1.364.000
Brødrene Freberg Da	44.000	944.900
Einar Mikal Hanasand	44.000	898.700
Fosaas Hans Jacob	44.000	730.400
Bjertnæs Salat As	44.000	693.550
Terje Nærstad	44.000	517.000
Vang Gård Per Odd Gjestvang	44.000	443.850
Bru Gard As	44.000	406.450
Huseby Gård Da	44.000	393.250

Arealtilskot frukt	2014	2015
Ringvold Fruktthage	40.000	185.500
Harald M Opedal	58.000	131.950
Haldor E. Eidnes	58.000	130.500
Øystein Kleppa	58.000	124.700
Velure Magnar	58.000	116.000
Magnus Opedal	58.000	116.000
Sigurd Linge	58.000	113.100
Flo Egil Reidar	58.000	107.300
Langesæter Steinar	58.000	105.850
Sørnes Knut Eilert	40.000	100.800

Arealtilskot bær	2014	2015
Per Isingrud	40.000	1.062.000
Dagfinn Mysen	40.000	644.000
Geir Hæhre	0	563.000
Simen A. Myhre	40.000	454.000
Endre Krohn	58.000	424.850
Pollestad Arnstein Skadberg	40.000	373.000
Fjeld Hagebruk As	40.000	366.000
EGGE FRUKT OG BÆR AS	#I/T	364.000
Morten Gustad	40.000	350.000
Einar Glesne	58.000	345.100

Husdyrtilskot - flest mjølkelyr	2014	2015
Stangeland Samdrift Da	152.298	288.848
Utslåtten Samdrift Da	152.298	224.448
Gruda Samdrift Da	152.298	196.448
Norges Miljø- og Biovitenskaplige Univ. (Nmbu)	142.898	189.898
Trøndermelk Da	152.298	183.248
Lynum Fostad Samdrift Da	151.098	179.248
Halleland Samdrift Da	143.898	173.248
Reve Samdrift Da	147.098	170.448
Nye Øksendal Samdrift Da	136.298	170.048
Toreli Da	145.498	166.848

Husdyrtilskot - flest øvrige storfe	2014	2015
Egeland Samdrift Da	152.298	332.448
Gimre Samdrift Da	152.298	316.448
Gard M. Lerud	91.600	30.3200
Stangeland Samdrift Da	152.298	288.848
John Magne Snoen	205.468	266.228
Sæther Kåre Magne	181.625	252.300
Morten Engan	178.875	249.100
Norland Samdrift Da	152.298	245.648
Kløverbakken Samdrift Da	127.098	235.248
Utslåtten Samdrift Da	152.298	224.448

Kjelde: Landbruksdirektoratet

ir 360.000 meir i tilskot

24.000 kroner i resultat før skatt. Åra frå 2006 til 2012 har resultatet derimot svinga mellom to og fire millionar kroner i overskot.

Om endringa er rettferdig er han forsiktig med å kommentere.

– Kva som er rett og gale vil ikkje eg ha store meiningar om. Eg registrerer endringa. For meg er det òg viktig at dei små har til

å leve av, men kor små bruk ein skal ha er eit anna spørsmål, seier han og uttrykkjer uro for at styresmaktene i neste runde kuttar i tollene.

Størst vekst får Elstøen Gartneri AS med 1,36 millionar kroner i auka tilskot. Til ABC Nyheter, som var dei første til å omtale saka, seier eigar Gjermond Kristof-

fersen seg glad for endringa.

– Det er rett at dei som ønskjer å leve av landbruket, blir stimulert, seier han til ABC Nyheter.

Einar Mikal Hanasand, som har over 1600 mål med grønsaker, får over 850.000 kroner i auka arealtilskot. Rekneskapen viser ein million kroner i snittresultat før skatt dei siste seks åra.

– Kostnadene har òg auka kraftig etter finanskrisa. Eg ville føretrekt lågare avgifter og skattar i staden, seier Hanasand til Nationen.

– Gir det auka matproduksjon?

– Ikkje umiddelbart. Ein må ha avsetning for varene òg, men det kan gi meir konkurranse og kanskje billigare varer, seier han.

TILSKOTSVEKST

«Eg ville føretrekt lågare avgifter og skattar i staden.»

EINAR MIKAL HANASAND
SALATBONDE OG GARTNAR

